



Forskrift om hundehald, Fræna kommune, Møre og Romsdal.

Dato	FOR-2006-06-19-655
Publisert	II 2006 hefte 3
Ikrafttredelse	19.06.2006
Endrer	<u>FOR-1996-02-02-158</u>
Gjelder for	Hustadvika kommune, Møre og Romsdal.
Hjemmel	<u>LOV-2003-07-04-74</u>
Kunngjort	22.06.2006
Korttittel	Forskrift om hundehald, Fræna

Fastsett av Fræna kommunestyre 19. juni 2006 med heimel i lov 4. juli 2003 nr. 74 om hundehold (hundeloven).

§ 1. *Bandtvang*

I tida frå og med 1. april til og med 31. oktober skal eigar eller innehavar av hund i Fræna kommune halde hunden i band eller forsvarleg inngjerda eller innestengt.

§ 2. *Om bandtvang*

a. *Unntak frå bandtvangsreglane*

Unntak frå § 1 går fram av hundelova sin § 9 «Unntak frå sikringsreglane.»

Treningsområdet for jakt- og brukshundar på Varhol er unnateke føreseigna om bandtvang.

b. *Ekstraordinær bandtvang*

Mynde til å fastsetje vedtak om ekstraordinær bandtvang er delegert til rådmannen.

c. *Område med avgrensa tilgjenge*

I Fræna kommune har ikkje hundar tilgjenge til barnehagar, skulegardar eller kyrkjegardar.

Føreseigna gjeld ikkje førarhundar eller hundar som er til stades på skular/barnehagar i samråd med ansvarlege for skule/barnehage.

d. *Offentleg stad*

På offentlig stad er det forbode å la hund gå laus.

Hund skal vere utstyrt med halsband med namn, adresse og telefonnummer til eigaren eller den som har ansvaret for hunden.

§ 3. Reinhold/forsøpling

Eigaren eller den som har ansvar for hunden pliktar straks å fjerne ekskrement som hunden let etter seg på offentlig stad.

§ 4. Ikraftsetjing

Denne forskrifta tek til å gjelde straks. Samstundes vert forskrift 2. februar 1996 nr. 158 om bandtvang for hund, Fræna kommune, Møre og Romsdal, oppheva.